

Irsk fyrverkeri på Dønhaug att!

06.08.2009



Andrea, Fee og Mark i aksjon på låven. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Laurdag 15. aug. og søndag 16. aug. vil den folkekjære irske artisten Andrea Rice ha konsert/pub-session på Dønhaug.

Dette blir fjerde året på rad at ho vitjar staden på sine årlege sommarturnear, men med årets konsertar vert det niande gongen ho er på Dønhaug.

Dei føregåande åra har ho samla "fulle hus" både i kjellaren og på låven. Andrea sin turne i år er ein **jubileumsturne**, i og med at det er 10. året på rad at ho har lagt sommarturneen til Noreg.

På denne turneen har ho valt ut spelestader der ho har opptrødd tidlegare og vore spesielt godt nøgd med publikum og verkskap. Årets turne vert avslutta med to kveldar på Dønhaug, før ho returnerar til Irland. Verkskapet er stolt av at ho har valt ut oss med to konsertar; dette skuldast ikkje minst det utruleg flotte publikum ho har møtt her.

Andrea er blant Irlands beste og mest etterspurde Folk & Ballade live-artistar. Med glitrande framføringer av dei beste irske songane opp gjennom tidene, trollbind ho sitt publikum og skapar den gode stemninga som er blitt hennar kjennemerke.

Andrea er ein artist som trivst best når ho får syngja og spela i lokaler med sær preg, og der ho kjem i nær kontakt med publikum. Dønhaugkjedaren har vist seg som eit ypparleg lokale i så måte. Andrea har gitt uttrykk for at stemninga og atmosfæren i Dønhaugkjedlaren nesten er som å opptre på ein irsk pub heime i Irland. På Dønhaug vil ho ha med seg ektemannen Fee Dobbin på kontrabass/bodhran og Mark Haddock på banjo/mandolin.

Andrea sjølv trakterar akustisk gitar, harpe og fløyte i tillegg til song.

Dei to konsertane på Dønhaug vil ha ulikt preg, og med ulik vekt på variasjonen innan irsk tradisjonell musikk og irsk-country. Skulle interessa for konserten på laurdagskvelden bli svært stor, kan denne bli flytta til Dønhauglåven der det vert konsert med dans. Andrea vil tilpassa musikken etter kva lokale som vert valt. Søndagskonserten vert i Dønhaugkjedlaren. Dette vert ein konsert der gjestane vil få oppleva variasjonen innan irsk tradisjonell musikk.

Det vert ikkje førehandssal av billettar til desse to kveldane, men gjestene kan reservera plass på førehand og henta billettar ved inngangen. Eg viser og til Andrea Rice si heimeside www.andreariceband.com og til www.donhaug.com

